

## Referat frå styremøte i Seniornett Førde

Tid: Onsdag 23.10.2024 kl 09.00 – 11.00

Stad: Kjellar/ kurslokale i Førdehuset

Desse møtte:

Knut Johan Mikkelsen

Aslaug Vårdal Igelkjøn

Kurt Grønli

Torleif Håland (vara)

Merknader til innkalling: To saker frå Kurt Grønli som vert tekne opp under eventuelt.

### **Sak 13/2024: Lisensar / programvare.**

Leiar orienterte styret om rabbatert programvare frå Techup Norge, der Seniornett Førde er registrert. Der har Seniornett Førde kjøpt lisensar, men desse kan ikkje oppgraderast. Det har vore praksis i Seniornett Førde at alle har Office pakken installert. Dette kostar ein god del, og ein må betale årleg lisens frå no av. Leiar meiner kursdeltakarane ikkje treng alt i Office pakken, og at det finst billegare/ gratis alternativ. Styremedlemmane tykte det var vanskeleg å ta stilling i denne saka, og meiner instruktørane og medlemmane i Seniornett Førde må få informasjon og høve til å uttale seg.

**Vedtak:** Leiar diskuterer lisensar og programvare med instruktørane. Leiar informerer alle gruppene om lisensar og programvare torsdag 31. oktober 2024. Der vert alle gruppene samla.

### **Sak 14/2024:Haustavslutning.**

Denne er fastsett til torsdag 5. desember 2024 i Førdehuset. Det vil verte oppretta ei arbeidsgruppe med deltakarar frå alle kursgruppene. Leiar tek på seg å leige eignelege lokale i Førdehuset, han lagar også ein quiz. Utgifter til mat m.m. vil verte dekkja av Seniornett Førde. Torleif tek kontakt med «Ferske smakar» vedr. mat.

**Vedtak:** Det vert oppretta ei arbeidsgruppe som tek seg av arrangementet denne veka (veke43).

### **Sak 15/2024: Evaluering av Digital festival og sesongstart.**

Det var godt frammøte på Digital festival, og gode tilbakemeldingar frå deltakarane. I førekant av oppstart i kursgruppene vart det sett inn annonse i «Firda», likevel er det få nye deltakarar. Dei fleste kursdeltakarane er godt nøgde, ein høyrer lite negativt. Ein ser likevel at arbeid i grupper krev innarbeiding og utprøving både frå instruktørar og kursdeltakarar.

### **Sak 16/ 2024: Datastover.**

Pensjonistforeininga i Førde står som arrangør, og dekkjer alle utgifter. Seniornett Førde tek imot påmeldingar, og stiller med instruktørar, denne hausten Bjørg Ladehaug og Knut Johan Mikkelsen. Det har vore to kurs i haust med tre og to deltakarar. No manglar ein instruktørar.

**Vedtak:** Det vert ingen fleire datastover dette kalenderåret.

**Sak 17/ 2024: Eventuelt.**

To saker frå Kurt Grønli er innmelde:

1. Leiar har ikkje innkalla instruktørane til styremøta. Kva er motivet for at dei ikkje får vere med?- Dette er brot på reglane/ intensjonen med § 7 i vedtektene for Seniornett Førde , at instruktørane skal verte innkalla.

Leiar opplyser at han har vore med i ulike styrer tidlegare, der det har vore vanleg praksis at valde styremedlemmer vert innkalla til styremøter. I vedtektene §7 for Seniornett Førde er omgrepet «daglege leiarar» brukt. Knut tolkar det slik det står, og Seniornett Førde har ingen «daglege leiarar». To av styredeltakarane har vore medlemmer i Seniornett Førde i lengre tid, og veit at det er meint instruktørar.

**Vedtak:** Instruktørane vil verte fast innkalla til styremøta heretter fram til årsmøtet i 2025. Då vil styret fremje sak om vedtektene i §7.

2. Det var tillyst eit styremøte 04.09 24, som vart fastsett i mai. Under arbeid med Digital festival vart dette møtet gløymt. Berre Kurt Grønli møtte. Dette var svært uheldig og kan berre beklagast på det sterkaste.
3. Det vart elles etterlyst informasjon frå arrangement styremedlemmer deltek på utanom styremøta, t,d, regionsamlingar. Dette har vorte gjort litt, men kan gjerne gjerast meir .

**Vedtak:** Leiar vil skjerpe seg i høve til innkallingar og informasjon.

**Sak 18/ 2024: Referatsaker.**

Ingen innkomne e-postar. Kurt Grønli delte ut budsjett oversikt hittil dette kalenderåret, og orienterte om midlar som snart kjem inn. Dessutan skal kursavgifta i Seniornett Førde betalast i nær framtid.

Neste styremøte er fastsett til onsdag 20. november.

Møtet slutt.

Aslaug Vårdal Igelkjøn

- Refr.-